

Fleire straumbrot, Uskedalen også ramma

23.09.2007

Vaktstyrken til Kvinnherad Energi har hatt det travelt i helga. Den har vore i aktivitet med å rette feil heilt sidan det kraftige toreveret fredag kveld. Toreveret har vore ein utløysande faktor for fleire av straumbrota.

Heldigvis har ikkje Uskedalen vore så hardt ramma, men straumen var borte fram til Eikelandet i eit kvarters tid ved 21-tida laurdag kveld.

Det som skjedde var at ein høgspenkabel i Seimshagen punkterte.

Det hadde som konsekvens at straumen fell ut på Seimsfoss, i Omvikdalen og i dei sentrale delane i Uskedalen.